

Årsmelding Ålesund Senioruniversitet 2025

Årsmøtet var lagt til NTNU Ålesund torsdag 06.02.25 kl 18.00 der 25 medlemmar med stemmerett deltok.

Det nye styret vart valde samrøystes i samsvar med valkomiteen sitt forslag:

Styreleiar:	Sindre Røsvik	1 år (attval)
Styremedlemar:	Arne Ingemar Vik	1 år
	Åshild Støbakk	1 år (attval)
	Per Gunnar Vasset	2 år (ny, var vara)
	Åse Mørkeset	2 år (ny)
	Halldis Oksefjell	1 år (ny)
	Gerd Veddegjærde	2 år (ny)
Varamedlemar:	Eija L. Emblem	1 år (ny)
	Rolf Fiskerstrand	1 år (ny)
Revisor:	Magni Ringstad	1 år (nye)
Valkomit�:	Inger Anne Knudsen	1 år
	Inger Otterlei	1 år
	Marianne Mogstad	2 år (ny)
Varamedlem:	Henry Wang	1 år

Arbeidet i styret

Styret konstituerte seg slik:

Sindre Røsvik, leiar og redakt r (medlemsm te)

Åshild Støbakk, nestleiar og ansvarleg for medlemsm te (temaf redrag)

Per Gunnar, sekret r og medlemsm te

Arne Ingemar Vik, kasserer, digitalt arkiv, studieutval og redaksjonskomit 

Åse Mørkeset, studieutval

Halldis Oksefjell, medlemsmøte

Gerd Veddegjærde, redaksjonskomité

Varamedlemar var fast innkalling til styremøta og med ansvar for ulike oppgåver.

Rolf Fiskerstrand, medlemsmøte

Eija L. Emblem

Styret har hatt 7 styremøte, og i tillegg har studiekomiteen og møtekomiteen hatt sine møter. Styreleiar har delteke i nokre av desse møte men elles er oppgåvene fordelte som vist ovanfor. Som tidlegare år har det vore arrangert kafémøter med tema datahjelp.

Styremøta har vore lagt til Spjelkavik seniorsenter medan møte med studiegruppene har vore i rommet vi disponerer i Moa helsehus, som også nokre studiegrupper brukar.

Medlemsblad

Det har vore utgitt berre eit medlemsblad i 2025 då vi ikkje har fått tak i redaktør, men på slutten av året vart ny redaksjonsgruppe etablert, og planen er å få ut fire medlemsblad i 2026. Per dato er styreleiar redaktør. Styret ser bladet som ein viktig informasjonskanal ut til medlemane, og i tillegg legg vi bladet ut på bibliotek for å nå ut til andre, potensielle medlemar. Dei fleste får bladet digitalt men om lag 30 får det på papir.

Facebook

Facebooksida, med 863 følgjarar, er ein viktig kanal ut til medlemane og andre som vil følge med på våre aktivitetar. Sida fungerer som eit rekruttering for nye medlemar.

Nettside

Vi ser av kartleggingsverktøya som StyreWeb presenterer at bruken av aasu.no er aukande. Her legg vi ut oppdatert informasjon om organisasjon, aktivitetar og arrangement. Vi kan lenke hit frå e-post og SMS, og nettsida er då ein god parallellkanal for opplysningar om aktivitetar. Spesielt er oppdatert møteplan og opplysningar om gruppene nyttig for nye medlemar som vil orientere seg. Nettsidene inneheld elles PDF versjon av Medlemsbladet m/arkiv, innmeldingsside og kontaktformular.

Medlemar

I juni vart det gjennomført ei personidentifiserande medlemsundersøking som kartlagde medlemsaktivitet og ønskjer. Deltakinga var på imponerande 80% og resultatene er presenterte i Medlemsbladet nr. 80.

Ved utgangen av 2025 hadde ÅSU 508 medlemar (årsauke på 25), med følgjande aldersgruppedeling: 60-69:59, 70-75:274, 80-89:156, 90-99:16.

31 medlemar har ikkje betalt kontingent etter fleire purringar. I tillegg er 9 storkne frå medlemslista etter ikkje å ha betalt kontingent dei to siste åra.

Økonomi

Rekneskapen er ført gjennom StyreWeb sitt IT-baserte rekneskapssystem. Dette gir god og oppdatert oversikt. Merking av posteringar (t.d. medlemsmøte) samlar utgifter og inntekter på tvers av balansekontoar. Bruk av KID gjer innkreving av kontingenten sikrare og enklare.

Økonomien er god, med eit årsresultat på kr 52.497 og ein likvid kapital pr. 31.12.2025 på kr 457.412. Det gir styret eit godt grunnlag for vidare utvikling og drift av ÅSU.

Studiegruppene

Vi har 13 studiegrupper og møtefrekvensen for gruppene varierer frå kvar veke til ein gong i månaden. Leiarane av studiegruppene fortener stor takk for innsatsen. Studieutvalet har hatt eit aktivt år, god løpande kontakt med gruppene og fellesmøte med alle gruppeleiarane ein gong i semesteret. Spørjeundersøkinga, som vi har brukt mykje tid på, har gitt oss nyttige signal for arbeid med nye grupper. Den har også gitt tilbakemeldingar som grunnlag for redusere digitalt utanforskap og tiltak for medlemmer med nedsett hørsel.

Medlemsmøte

- 30. januar: Politiet og Sparebank 1 «Nettsvindel og bedrag»
- 27. februar: NTNU temakveld «Presentasjon av forskning og praksis»
- 27. mars: Arne Bård Dalhaug «Verda koker, er vi trygge?»
- 24. april: Kirsti Kverndokk Bjerkan «Korleis møte alderdommen med ein vital kropp?»
- 22. mai: Hans-Wilhelm Steinfeld «Den dystre nåtid»
- 28. august: Ola Honnindal Grytten «Økonomiske utsikter fremover og bakover»
- 11.september: Britt Walle Ekroll «Håkon Bleken si utsmykking i Spjelkavik kyrkje»
- 15. oktober: Jan Olav Fladmark: «Då freden kom til Ålesund»
- 30. oktober: Elizabeth Hoff «Ledelse av nødhjelpsarbeid i krig og konflikt»
- 27. november: Johannes Alme «Ishavshistoria - næringa som forsvann»
- 3. desember julemøte: Odd Normann Hoff «Gardane i Storfjorden»

Det har vore arrangert to medlemsturar:

- 29. april: Omvising på Norwegian Hydrogen på Hellesylt og Ole Ringdal AS. Turen var guida av Odd Normann Hoff
- 22. oktober: Bedriftsbesøk i den maritime klynga på Søre Sunnmøre: Myklebust verft og Rem Offshore

Natur og kultur

Tilbodet vart organisert av Sølvi Furnes og Gunnhild Sætre i samarbeid med personar i lokalmiljø vi besøker. I 2025 var dette to besøk på Giske. Det er stor interesse for arrangementa som fekk omtale i medlemsbladet og lokalavisa Øyblikk.

Samarbeid

Som tidlegare år har vi hatt eit godt samarbeid med NTNU og Ålesund kommune, med Spjelkavik omsorgssenter, Frivilligsentralen og Moa bibliotek. Kinogruppa har eit godt tilbod i samarbeid med Odeon kino.

ÅSU organiserte for andre år på rad eit regionalt møte for senioruniversiteta (-akademia) i fylket der også NTNU og høgskulane i Volda og Molde deltok. Utdanningsinstitusjonane var tydelege på at dei ønskjer eit utvida samarbeid. Her gjeld det å finne konstruktive måtar å organisere dette på. Det kan vere tilbod for eldre som studentar og eventuelt å få til meir skreddarsydde opplegg. Møtet var interessant og inspirerande. Etter planen blir dette gjentatt i 2026.

Oppsummering

2025 har vore eit aktivt år og arbeidet i styret har vore fordelt i styret slik at aktivitetane har gått på ein god måte. I årsrapporten i fjor vart det peika på behov for å engasjere fleire medlemar, utanom styret, og på slutten vart det etablert av ein redaksjonskomité, med to personar utanom styret. Generelt er dette viktig å få med fleire som vil vitalisere aktivitetane, redusere belastninga på styret, og vi kan få i gang nye aktivitetar.

Ålesund senioruniversitet har som mål å gi eit sosialt og lærande fellesskap for medlemane, vere ein møteplass for læring for å forstå meir og få grunnlag for kvalifiserte meiningar om samfunnet vi er ein del av. Vi vil utvikle kvalitetstilbod for medlemane, og nå ut til fleire. Og det er med glede at vi kan rapportere om stadig fleire medlemar slik at vi no har over 500 medlemar.

Organisasjonen fungerer godt med stadig betre rutinar, noko som er viktig i ein organisasjon utan lønna administrasjon. Medlemsundersøkinga vi gjennomførte hadde svært god svarprosent og gav inspirasjon til vidare arbeid. Aktive medlemar får meir igjen så vi prøver å engasjere fleire som får bidra med det dei brenn for.

Utdanningsinstitusjonane og særleg NTNU er på tilbodssida så vi arbeider med å finne nye, gode tilbod til beste for alle partar. Målet er eit godt samarbeid i regionen for læring, til inspirasjon og vekst.

Til sist vil eg som styreleiar få takke styret for ein jamn og god innsats. Når vi dreg saman kan vi skape gode tilbod. Så ser vi fram til eit nytt år der vi håper å kunne innfri forventningane frå gamle og stadig fleire nye medlemar. Vi trur at 2026 vil gi nye utfordringar og spanande tilbod.

Ålesund 14.01.26

Sindre Røsvik Åshild Støbakk Arne Ingemar Vik Per Gunnar Vasset

Gerd Veddegjærde Åse Mørkeset Halldis Oksefjell